

ØYANE OVER 26. mai 2019

Ein kysttur - i kystkultur

Velkommen til Øyane Over! Den velkjende turen mellom og over **HOVDEN, BATALDEN, SKORPA** og **KINN** Fire av øyane i skjergarden i Flora kommune.

Dette er ein klassikar som står fram som Flora Turlag sin hovudtur i sommarsesongen. 42. gong turen arrangerast – første tur gjekk 22. mai 1977. **I år som i fjor er turen i samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag.**

Turen tek 12 timar. Du kan velge om du vil gå over toppane eller langs sjøen på alle øyane. For å få båttransporten mellom øyane til å fungere må det vere eit vist tempo på turane over toppane.

Båten går frå Fugleskjærskai i Florø **kl. 07.00. Møt opp i god tid for å registrere deg og få billett. Husk å betal når du har fått bekrefte plass.** Betal i nettbank og merk innbetalinga med namn! Du kan også betale på VIPPS til: Flora Turlag 554905. Husk å ta med kvittering.

Påmelding og informasjon innan laurdag 26. mai kl. 18.00 og er bindande:

Flora Turlag – Astrid Breiland Eliassen 415 49 299 og Arnfrid Bergheim 481 23 163

Indre Sunnfjord Turlag – Heidi Ødemark 980 32 513

I **Hovdevågen** vert det gitt ei orientering om turen. Turen går over **Hovden** (5 km), via Vemannsrøysa, 239 moh eller langs sjøen på delvis asfaltert og grusa bilveg (5 km) til Berekstad. Turen langs sjøen vil vere ein roleg og fin start på dagen, medan turen over øya er litt tyngre. Båten går **frå Berekstad kl. 10.00** til Batalden – spis gjerne litt før du tek båten frå Berekstad. Grendalaget stiller med kaffi og kaker på kai.

Til **Batalden** kjem vi omlag **kl. 10.15**. Her kan du anten gå til topps (bratt stigning 492 moh, 4 km t/r), rusle i fjæra eller gå på kunstutstilling eller ta turen bort til Stokksneset. I ei av buene er det ei utstilling om sildetida. Det er muleg å få kjøpt kaffi og kaker. Mange vel å ta hovudmatpausa på Batalden. Dei mest vågale badar.

For å nå ned att til båtavgangen må alle ha starta på returen frå toppen innan **kl. 12.00**.

Kl 13.00 går båten vidare til **Skorpa**. Her kan du velje å ta turen over Blåkollen (tung tur 392 moh, 5 km) eller gå nede langs sjøen. Nede får du to val – ein kort (4 km) eller ein litt lengre (7 km) ut til BåsunDET.

Turen går vidare til **Kinn** omlag **kl. 16.00** frå Skorpa. Dei fleste går til Kinnakyrkja (2,5 km t/r). Derfrå kan vi anten snu, gå gjennom Høyskaret og rundt øya (5,5 km), opp og gjennom sjølve Kinnaklova og rundt øya (6,5 km) eller opp på Søre Stauren (luftig 197 moh, 6 km) og tilbake til kai.

Siste retur frå Kinn **kl. 18.30** tilbake til Fugleskjærskai i Florø til **kl. 19.00**. Båten vi nyttar skal inn i ordinær rutetrafikk.

På **Øyane Over** kan dei som vil gå langt, fort og høgt gjere det, men det er også mogeleg å ta det litt meir roleg. Rutealternativa på **Øyane Over** er dei som er beskrivne ovanfor – vi kan ikkje tillate eigne rutetrasear.

Dersom været eller andre forhold tilseie det, kan turleiarane korte ned på turane og gjere ruteendringar.

Alle må vere merksame på avgangstidspunkt for båten.



ØYANE OVER 26. mai 2019

Gå den turen over øyane som passer best til di form. Om du ikkje rekk over alle øyane eller du ønsker å gå dei fleire gongar har turlaget søndagstur til Hovden 25.august (Hovdendagen). Vi har tysdags- eller onsdagstur til øyane. På desse turane har vi betre tid til å nå på toppane.

Hovudturleiar er Astrid Breiland Eliassen – 415 49 299. Alle turleiarane har raude T - vestar.

Har du problem eller spørsmål må du ikkje nøle med å ta kontakt med ein av dei.

På Øyane Over kan du **ikkje ta med hund** – fordi det er sauer med lam på beite.

Husk å ta med rikeleg med drikke og niste. Du kan ha ekstra vatn og mat, samt klede liggande ombord i båten. For å vere sikre på at alle er med har vi opptelling ved ombordstiging. Ved landligge bør du ikkje opphalde deg i båten.

Sjå nettesida Flora Turlag: www.flora.dnt.no og Indre Sunnfjord Turlag: www.indresunnfjord.dnt.no for meir informasjon. For turbeskriving og kart sjå: www.UT.no Følg oss gjerne på Facebook.



GOD TUR!

Prisar:

Medlem i Turlaga / DNT: Kr 600

Ikkje medlem: Kr 650

Ungdom < 25 år med studentbevis: Kr 550

Kontonummer 3775 65 53268

Vipps nummer: 554905

NB! Møt opp i god tid før avgang.

Avgangstider båt: ca. tider

Avgang Florø kl. 07.00

Avgang Hovden/Barekstad kl. 10.00

Avgang Batalden kl. 13.00

Avgang Skorpa kl.16.00

Avgang Kinn kl. 18.30

Ankomst Florø kl. 19.00

I eit gammalt turprogram frå 1981 står denne skildringa av turen:

”Vårens vakraste eventyr” kunne Turlaget sette som motto for denne turen. Frå båtane fossar ut Flore-vika i 7-8 tida om morgonen til dei returnerar 12 timar etter, går turen gjennom eit kystlandskap som må vere mellom dei finaste i landet. Hovden med sine fine vågar og fjellvatn, Store-Batalden, ein kjempestein på 492 moh yst mot Nordsjøen, Blåkollen/Skorpa med storslege utsyn mot Batalden og Kinn/Rognaldsvåg), og med idyllisk busetnad. på sørsida, og endeleg, Kinn med kyrkje og klove og alt som har gjort Kinn kjent nær sagt over heile landet. Og i tillegg den fine båtturen over fjordarmar, gjennom osar og sund. Bli med på denne "standard"turen også i år. Bli kjend på øyane, slik at du kan komme tilbake seinare på eiga hand ein gong.”

Foto: R. Helland

